

**Fra:** Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

**Sendt:** 13.02.2021 10:05:01

**Til:** Politisk; Stian Jean Opedal Davies

**Kopi:** Per Morten Ekerhovd; Rune Haugdal; Nils Haugland

**Emne:** Spørsmål til utvalsmøte i KULII 17.2.2021 : Dei eldste trekyrkjene i Vestland - status for brannsikring

**Vedlegg:**



Foto: Hamre kyrkje på Osterøy, bygd ca år 1600

Spørsmål til møte i Utval for kultur, idrett og integrering 17.2.2021

#### **Dei eldste trekyrkjene i Vestland (Bjørgvin) – status for brannsikring**

Vestland/Bjørgvin har eit stort tal kyrkjer. I kulturhistorisk samanheng er det dei eldste kyrkjene som har særleg høg verdi, dvs kyrkjer frå 1700-tal og eldre. Av desse igjen er det svært mange som er bygde i tømmer/tre og difor særleg utsett for brann. I ei særstilling mellom desse igjen står stavkyrkjene.

Døme på svært gamle trekyrkjer er Vilnes (1674, Askvoll), Ålfoten (1678, Bremanger), Ålhus(1795, Sunnfjord), Flåm(1670, Åurland), Undredal(1100, Aurland), Vangen(1202, Aurland), Holdhus(1306-1726, Bjørnafjorden), Olden gamle kyrkje(1759, Stryn), Stødle(1160, Etne), Guddal (1686, Fjaler), Gimmestad (1692, Gloppen) Fjelberg (1722, Kvinnherad), Hamre (1600, Osterøy), Åkra (1735, Kvinnherad).

Spørsmål til utvalsleiar:

1. Dei eldste kyrkjebygga i tre er mellom dei viktigaste kulturminna i Vestland. Har Vestland fylke pr i dag ein budsjettpost som gjeld medfinansiering av brannsikring, eller ligg dette ansvaret hos eigarane, kommunane og Riksantikvaren? Hvis ikkje – er det noko ein bør planlegge med i samband med budsjettprosessen for 2022 og vidare?
2. Gamle kyrkjebygg er mellom dei viktigaste kulturbygga våre. Gjev spelemiddelordninga for kulturbrygg rom for å nytte slike midlar til brannsikring?
3. Vil Utvalsleiar ta initiativ til ei orientering frå Bjørgvin bispedømme i eit kommande utvalsmøte i KULII, slik at utvalet får eit oversyn kva gjeld brannsikrings-status for dei eldste trekyrkjene i fylket?

Med helsing

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem  
Folkeaksjonen FNB  
90584170

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you